

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

12.søndag i treeiningstida – 16.august 2015

Preiketekst: Luk 8,1-3

Lesetekst I: Jes 49,13-16

Lesetekst II: 2 Kor 9,1-8

SKULE-START

Det er skulestart i Norge i desse dagar. Ferieleie born traskar til skule og gjensyn med kameratar. Nokre går dit for første gang, andre er erfarne.

Det ligg ei spenning i lufta – sterk eller svak.

Søndagen ber namnet `12. søndag i treeiningstida`, altså første dagen i veka, men langt ute i rekkja av oppstilte kyrkjeårsdagar.

Spenning og forventning kan vera så-som-så med - men folk «trippar i veg på kyrkjeveg» av vane, «plikt» eller ferie-innfall.

Bibelteksta er til gjengjeld kort, berre 3 vers. Det er til å leva med ein seinsommardag.

Elevar i Jesus-skulen

Evangelisten lagar ei slags overskrift, ein kort-versjon av det som skal skje framover i Jesu liv. Læresveinane er på plass alle, klare til ny uteskule med det indre livet som pensum. Dessutan listar Lukas opp fleire deltakarar. Det er attpåtil namngitte kvinner.

Maria Magdalena er mellom dei kjende, medan Kusa, kona til ein tilsett ved kongehuset, og Susanna, er relativt nye i skulegarden.

Felles for dei alle, er at dei har opplevd noko i eige liv som knyter dei til Jesus Messias. Både læresveinane og kvinnene er meir enn statistar, dei er aktive og deltakande. Dei skal alle i Jesu følgje få stadfesta somme av sine tankar og forventningar, men til gagns også få korrigert sitt gudsbilete hjå Han med `myndige tale` (Matt 7,29).

Erfaringane dei har gjort på eigen kropp og ei eige liv, skal plasserast i ein større samanheng, som teikn på det nærverande Guds rike.

Læresveinar, i smal og vid forstand, skal ikkje berre gjerast til «gagns menneske», men til truverdige vitne og åndsfylte bygningsfolk i Guds rike.

Kristi kyrkje og den enkelte

Kanskje kan me sjå dette vesle tekstavsnittet som ei forsiktig skildring av kyrkja. Kristi kyrkje har ulike tenester (cfr Apg 6,1 ff). Alle har dei det til felles at dei synleggjer Jesus i verda, dei formidlar ved menneskeleg liv og veremåte at dei høyrer Herren til.

Han som forma Israel, sitt folk, løyste det ut og kalla det ved namn (Jes 43,1), han syner den same

handlekraft og nåde i dag: han løyser ut og kallar ved namn.

Menneske er ikkje berre namn på ei liste, som så kan ropast opp og finna sin plass på sitt trinn, - det er ulike individ, med ulik lagnad. Kvar menneske er kjend av Han som skapte. Når han seier namnet, løftar han opp heile den aktuelle historien og gjer den til sin.

Kvar einskild skal bli sett, høyrte og kalla av Han som «vil ha alle».

Kyrkje og forsamling skal få ha dette Jesus-preget: Jesus Messias, som kalla «det minste av alle folk» til si store gjerning, som valde ut «det som ikkje var noko» til si teneste, han bed oss hugsa kven me var - slik at me av erfaring kan syna dei «den beste vegen».

Sjølvsagt skal me vera obs på den einskilde sin CV, me skal vera på utkikk etter «personlig egnethet», men først og fremst skal Kristi kyrkja vera nettopp dèt: forsamlinga av dei som ser til Jesus og hans makt til å driva tilbake det vonde - og hans nåde som kan gjera fri til teneste og evig liv.

Glansbilette?

Nye og erfarne i herleg blanding, smittande forventning til Gud og medrivande trong til å fylgja Jesus, det er vel glansbiletet, men lat oss prøva! No startar aktivitetar opp att i *byar og landsbyar*, difor foldar eller løftar me hender i bøn og tilbeding.

Først må Guds folk «søkja Guds rike», så skal vi få «alt det andre attåt» - kanskje ikkje av seg sjølv og automatisk, men der trua ytrar seg i aktiv tilbeding og livet vert ei gudsteneste, dit vil og menneske lettare søkja til med sitt liv og si erfaring.

Betre kan det ikkje bli: Jesus med alt *sitt* møter menneske med alt som høyrer *dei* til. Då kan mangt skje!

Salmeforslag: N 434 Det er navnet ditt jeg roper.

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster. Leder i krinsstyret, Sogn og Fjordane.

geir.paulsen@kyrkja.luster.no